

## **Notat til sak PS 52/2017**

Som det framgår av sakskutgeringa i sak 52/2017 gjorde kommunestyret i sak KS-140 vedtak om å setja av pengar til oppstart og koordinering av fritidsklubb Frekhaug, og at arbeidet i all hovudsak skal skje i regi av frivillige organisasjonar. Under oppfølgingsarbeidet for denne saka i ULK (m.a. sakene 140/2015 og 25/2017) og Ungdomsrådet, har ein vore på fleire synfaringar for aktuelle lokale, og det har vore gjort fleire vedtak om korleis arbeidet skulle gå vidare.

I møte i Ungdomsrådet 26.05.2016 var to representantar frå frivillige lag (Siren Grasdal Øvretveit, Ungdomslaget Varden, og Ruben Sæle, Møteplassen) til stades og orienterte om sitt arbeid. I tillegg var også kontaktperson frå ULK, Stian Lavik til stades. Gjennom orienteringar, spørsmål og i drøftingar i møtet vart ein einige om at ein ville starta eit prøveprosjekt der ein arrangerte fritidsklubb i ungdomshusa rundt i kommunen som eit prøveprosjekt for å testa ut interessa hjå ungdommen i krinsane. Aktivitetar og opplegg skulle ta utgangspunkt i resultatet frå spørjeundersøkinga Ungdomsrådet hadde gjennomført på skulane i Meland. Ein var einige om at arbeidet vidare med å få på plass fritidsklubb skulle skje i samband med dei frivillige lag og organisasjonane som ville delta i dette, spesifikt var Møteplassen og ungdomslaga nemnde.

I same møtet (26.05) vedtok Ungdomsrådet at ein ville gå vidare i arbeidet med å oppmoda ULK til å oppretta ei felles arbeidsgruppe med representantar frå Ungdomsrådet, ULK og dei frivillige laga. Opgava til gruppa var å leggja premissane for vidare arbeid og planleggja og gjennomføra prøveprosjektet med ambulerande fritidsklubb rundt i kommunen, og målet var med utgangspunkt i dette å etablera eit permanent tilbod i samarbeid mellom frivillige lag og kommunen. Dette kom klart fram i drøftinga. Ein var også einige om at kommunen kunne ha ei koordinerande rolle og ta initiativ og evt. stilla med sekretær til arbeidsgruppa. Ungdomsrådet valde to representantar til den tenkte arbeidsgruppa, og ULK-representanten vart beden om å få ULK til å oppretta gruppa.

I det påfølgande ULK-møtet vart vedtak og handsaming frå Ungdomsrådet følgd opp, og ULK vedtok i sak 140/2016 å oppretta arbeidsgruppa, samt at ein valde ein representant til denne. Tanken var at dei frivillige laga skulle kontaktast, og så skulle ein koma saman og begynna arbeidet.

I den vidare prosessen vart det klart at administrasjonen i kommunen ynskte å utsetja arbeidet til ein hadde tilsett kultur- og ungdomskonsulent (seinhausten 2016). Dette var fremja for ULK i møte og signalet attende til administrasjonen var at dette var greitt, sidan ein såg for seg at den nye konsulenten naturleg ville ha den koordinerande rolla for arbeidsgruppa ein såg for seg. I mellomtida vart framdrift i prosessen etterlyst frå både UL Varden og Møteplassen, og dei fekk melding attende om ein ville venta med oppstart av arbeidsgruppa til kultur- og ungdomskonsulenten var på plass.

I ettertid har det kome fram at administrasjonen har begynt eit arbeid som meir eller mindre er i tråd med intensjonane frå tidlegare vedtak og synfaringar på eiga hand. Ein har konsultert Ungdomsrådet underveis, men verken ULK eller dei frivillige laga som har vist stor interesse for å vera med å driva fritidsklubb har vore med å utforma arbeidet og prosessen. Arbeidsgruppa har heller ikkje vore samankalla og ULK sine kontaktpersonar for Ungdomsrådet har ikkje vore involvert.

Det er positivt at det no skjer noko i saka om fritidsklubb, men prosessen i arbeidet ser ut til å ha vore noko i utakt med intensjonen i vedtak gjort i Ungdomsrådet og ULK frå tidlegare. Dei frivillige laga som var ein del av prosessen i 2016 har fleire gongar vore i

kontakt med ULK og etterlyst kva som skjer vidare, og dei opplever å har vorte sett på sidelinja. Det er vanskeleg å sjå korleis sin skal kunna følgja opp intensjonen i kommunestyret sitt vedtak om at arbeid med fritidsklubb hovudsakleg skal skje i regi av frivillige lag og organisasjonar dersom dei ikkje blir tekne med i arbeidet med å leggja premissane for vidare framdrift.

Vi har ikkje råd til å gå forbi frivillige lag og organisasjonar som er klare til å vera med i eit samarbeid om aktivitet til ungdommane i Meland kommune. ULK meiner derfor at arbeidet med fritidsklubb leggjast opp slik at desse er med å legg premissane for arbeidet, saman med Ungdsområdet, kultur- og ungdomskonsulenten og andre relevante partar. Dette er også i tråd med intensjonen frå kommunestyrevedtak 140/2015

#### **Framlegg til vedtak i sak 52/2017:**

"Det er positivt at det er framdrift i arbeidet med fritidsklubb i kommunen. Fritidsklubben skal i hovudsak drivast i regi av frivillige lag og organisasjonar (jfr. vedtak i sak KS 140/2017 og vedtak i sakene ULK 41/2016 og ULK 25/2017). Framover er derfor viktig at dei frivillige lag og organisasjonar som ynskjer å vera med å driva tilbodet no må vera med å leggja premissane for arbeidet, saman med Ungdomsrådet, kultur- og ungdomskonsulenten og evt. andre relevante partar. Arbeidsgruppa som var tenkt å skulla arbeida med fritidsklubben må samankallast snarast.

Mandat og oppgåver for arbeidsgruppa blir som følgjer:

1. Få orientering om det arbeidet som har vore gjort frå kommunen si side mtp. fritidsklubb.
2. Sjå på erfaringar frå dei kveldane det har vore arrangert fritidsklubb.
3. Drøfta korleis ein skal leggja opp arbeidet vidare.
4. Arbeida med korleis ein kan leggja opp arbeidet hovudsakleg i regi av frivillige lag og organisasjonar.
5. Planleggja vidare drift.
6. Melda attende til Ungdomsrådet og ULK, m.a. framlegg til permanent driftsform.
7. Planleggja for etablering eit eige styre som kan ta ansvar for drift av klubben framover, og foreslå ei driftsform for Ungdomsrådet og ULK.

Ei mogeleg etablering av permanent driftsform kan vera at ULK, Ungdomsrådet, kultur- og ungdomskonsulent og representantar for aktuelle frivillige lag og organisasjonar i eit felles møte avgjer driftsform og vel det første styret."

Meland KrF